

# Avtale

## om kjøp av areal til friluftsmål

på gbnr 4/1 på Fløksand i Meland kommune

mellom

Hordaland fylkeskommune (HFK), org.nr. 938 626 367

og

Bergen og omland friluftsråd (BOF), org.nr. 871 426 732

1

HFK sel ein ubygd parsell av gbnr 4/1 som vist på vedlagt kart til BOF. Arealet er førebels berekna til ca. 22,5 mål. Parsellen vert selt «som den er». BOF er kjent med parsellen sin tilstand gjennom befarung.

2

Området skal leggjast til rette og driftast av BOF som friluftsområde for ålmenta.

3

HFK sender søknad om frådelling til Meland kommune, og BOF dekker kostnadene ved gjennomføring av frådelinga av parsellen.

Parsellen sitt endelege areal vert fastsett ved gjennomføring av oppmålingsforretning.

4

Avtalt pris for arealet er kr 5 (fem) pr kvadratmeter. Når parsellen er frådelt og oppmålt vert endeleg kjøpesum utrekna. BOF er ansvarleg for å undersøke om kjøpet er konsesjonspliktig og søke om konsesjon.

5

HFK overleverer deretter skøyte til BOF. Parsellen vert overdregen fri for pengehefte.

Skøytet skal innehalde erklæring som skal tinglysast om at «området ikkje kan nyttast til anna enn friluftsmål, utan etter godkjenning av staten v/ Miljødirektoratet.»


BOF pliktar å sende skøytet til tinglysing innan 2 veker etter at det er motteke, og dekker kostnadene med tinglysingsgebyr og dokumentavgift.

HFK sender faktura til BOF for kjøpesummen med minst 30 dagars varsel.

Avtalen er inngått under føresetnad av at Meland kommune godkjenner frådeling av parsellen.

Bergen, 21.02.2019

HFK

.....

BOF

.....

Lillian Vangberg  
styreleiar